



REFERAT ÅRSMØTE 28. MARS 2023

Klenkarberget kl 19:30

Sakliste

1. Setting av møtet
 - a. Leiar ynskjer velkomen
 - b. Godkjenning av innkalling og sakliste
 - c. Godkjenning av dei røysteføre
 - d. Val av
 - i. Møteleiar
 - ii. Skrivar
 - iii. To til å skrive under møteboka
2. Årsmeldingar
3. Rekneskap
4. Budsjett
5. Medlemskontingent og treningsavgift
6. Organisasjonsplan
7. Val etter lovene

Sak 1 Setting av møtet

Til stades:

Arild Opsal, Asgeir Bakke, Tone Anette Espe, Steven Johnsen, Øyvind Haugland, Anders Engeland, Kariann Lien Eide, Solveig Høydal, Helge Solheim, Egil Haugland, Øystein Haugland

Innkallinga vart godkjend

11 røysteføre

Arild vart vald som møteleiar

Øyvind vart vald som skrivar

Anders og Asgeir vart vald til å signere møteboka.

Møtet vart satt

Sak 2. Årsmeldingar

Viser til årsmeldingane

Hovudstyret:

Tillegg, Nye bygget på parkeringsplassen er eigd av HIL men disponerast av Sommarcamp med 30 års leigekontrakt

Alpingruppa:

Minkande aktivitet men håpar på aukande rekruttering framover.

Gode prestasjonar av Andrine Mårstøl i alpint og Trym Dalset Løddøen i randonee.

Fotball:

Lang og god årsmelding som syner høg aktivitet i fotballen.

Ingen dommarar på seniornivå og må jobbe ekstra hardt for å få på plass fleire for å unngå bøter.

Friidrett:

God deltakelse på trening spesielt i yngste gruppa

Langrenn:

Godt med aktivitet, ein av klubbane med flest deltakarar på renn på Ullsheim

Tilråding frå hovudstyret:

Dei framlagde årsmeldingane gjev eit sant bilde av aktiviteten og vert godkjente.

Årsmeldingane vart godkjend

Sak 3. Rekneskap

Viser til rekneskapet

Tilråding frå hovudstyret

Det framlagde rekneskapet vert godkjent og underskotet på kr 657 801,04 skal dekkast av eigenkapitalen.

Merknad:

Avskrivningar stemmer ikkje overens med eigendelar då sandbana ikkje er oppført der Kontrollutvalget anbefalar at årsmøtet godkjenn regnskapet.

Rekneskapet vart godkjend

Sak 4. Budsjett

Viser til budsjetta

Alpingruppa:

Overskudd på 1250,-
ingen merknadar.

Fotballgruppa:

Overskudd på 9279,-
Ingen merknadar.

Friidrett:

Budsjett i 0,-
Ingen merknadar.

Langrenn:

Underskot på 10.000,-
Forsvarast med pengar på bok
Ingen merknadar.

Tilråding frå hovudstyret

Dei framlagde budsjetta vert godkjente.
Budsjetta vart godkjendt.

Sak 5. Medlemskontingent og treningsavgift

A: Medlemskontingent

Noværande satsar

For aktive/tillitsvalde over 18 år: kr 250,-

For familie: kr 450,-

For støttemedlem: kr 200,-

Tilråding frå hovudstyret

Ingen endring av medlemskontingenten

Merknad:

Sats for barn på 100,- ikkje oppført
Tilråding vart godkjendt

B. Treningsavgift

Tilråding frå hovudstyret

Hovudstyret får fullmakt til å godkjenne treningsavgiftene i gruppene.
Tilråding vart godkjend

Sak 6. Organisasjonsplan

Tilråding frå hovudstyret

Organisasjonsplanen blir oppdatert slik at den stemmer med idrettslagets lov, idrettslagets organisering og særforbunda sin organisering.

Framlegg frå årsmøtet om å endre Ski alpin til Ski alpin/randonee

Vedtak

Haugen idrettslag, organisasjonsplan

Planen er utforma på bakgrunn av idrettslagets lov og viser

følgjande:


- Idrettslagets styre og faste utval.

- Gruppene til idrettslaget.
- Organisasjonar som idrettslaget har representantar til.
- Kva organ som vel/utnemnar dei ulike styra/utvala.

Haugen idrettslag har følgjande grupper

fotball, friidrett, ski, ski-langrenn og ski-alpint.

Utval og representantar som er knytt til eit styre blir utnemnd av det styret.



Sak 7. Val etter lovene

Viser til innstilling frå valnemnda.

Hovudstyret:

Arild Opsal attvald som leiar for to år.

Øyvind Haugland attvald som styremedlem for to år.

Alpin:

Anders attvald som leiar for to år.

Peder Felde og Marianne Kjørstad attvald som styremedlem for to år.

Fotball:

Ove Mikal Haveland attvald som leiar for to år.

Håvard Furnes og Kariann Lien Eide vald som styremedlem for to år.

Friidrett:

Tone Sæternes Hellebust vald som styremedlem for to år.

Kari-Ann Haugland Horne attvald som styremedlem for to år.

Langrenn:

Jan Stian Raudi attvald som leiar for to år.

Ove Mikal Haveland og Merete Smørdal attvald som styremedlem for to år.

Kontrollutvalget:

Nils Helge Løkling attvald som leiar for to år.

Arve Espe vald som vara for eit år.

Utendingar til idrettsrådets årsmøte:

Arild Opsal

Tone Anette Espe

Asgeir Bakke vara

Skigruppa

Tilråding frå hovudstyret

Årsmøtet vel styret til alpingruppa og styret til langrennsgruppa som styre til skigruppa, med leiar av alpingruppa som leiar og leiar av langrennsgruppa som nestleiar.

Tilrådinga vart godkjend

Anders Engeland leiar

Jan Stian Raudi nestleiar

Sak 8. Marit og Magne Dalseths Minnefond

Årsmøtet ønska ein liten gjennomgang av arbeidet med stiftelsen.

Hovudstyret fekk i oppgåve å finne kandidatar til eit styre i stiftelsen med 2 representantar frå styret i HIL

Styret består av:

Stein Bjørhovde Leiar

Marianne Kjørstad Nestleiar

Tone Anette Espe (HIL)

Øyvind Haugland (HIL)

Egil Haugland

Per Egil Lote (Magnes nevø, etter ønske frå familien til Marit og Magne om ein representant frå familien)

2022 gjekk med på å selge alt av verdi av eigendelar, å rydde egedomen og gjere klar for salg samt å selge huset.

Arbeidet med stiftelsen er no i gong, men har tatt lang tid å få alt av løyver og rettar på plass. Styret har eit håp om at resterande arbeid med stiftelsen skal vere i mål ila 2023.

Øyvind Haugland referent

Anders Engeland

Asgeir Bakke